



Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021

Innhald

1. INNLEIING	3
2. VESTLANDSLANDBRUKET – KORT STATUS	5
3. MÅL OG HOVUDPRIORITERINGAR I 2021.....	8
3.1 Overordna mål for landbruks- og matpolitikken i Noreg.....	8
3.2 Hovudprioriteringar for landbrukssatsinga i Vestland 2021.....	8
4. STRATEGIAR FOR NÆRINGSRETTA LANDBRUKSSATSING I VESTLAND 2021	10
4.1 Hovudproduksjonar.....	10
4.2 Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling.....	12
4.3 Klima, miljø og teknologi	14
4.4 Omdøme, rekruttering og kompetanseheving.....	16
5. STRATEGISKE FØRINGAR FOR DEI ØKONOMISKE VERKEMIDLA INNAN NÆRINGSUTVIKLING I LANDBRUKET	18
5.1 Regionale tilretteleggingstiltak	19
5.2 Rekruttering og kompetanseheving	20
5.3 Investering og bedriftsutvikling i landbruket - IBU.....	21
5.4 Kompetansenettverk for lokalmat	22
6. SAMARBEID OG FELLES LØFT FOR LANDBRUKSNÆRINGA	23

1. INNLEIING

Handlingsplan for landbruk skal konkretisere strategiske føringar og prioriteringar for innsatsen til Vestland fylkeskommune i 2021. Dokumentet skal gje retning for dei viktigaste områda innan landbruk som den regionale partnerskapen skal løfte saman i 2021. Fylkeskommunen har ei leiande og koordinerande rolle innan næringsutvikling i landbruket. Tett samhandling med andre regionale aktørar innan området og med næringa vil vere avgjerande for dette arbeidet. Det er utarbeida ein handlingsplan for alle satsingsområde innan innovasjon og næringsutvikling som gjev retning for den samla innsatsen. Handlingsplanen for landbruk i Vestland 2021 konkretiserer arbeidet innan landbruksområdet, og utfyller den overordna handlingsplanen. Handlingsplanen gjev også føringar for bruken av fylkeskommunen sine verkemiddel innan området. Politisk handsaming av dokumentet blei gjort 12. januar 2021.

Dette dokumentet har ikkje vore gjennom ein omfattande ny planprosess. Vi bygger vidare på handlingsplan for landbruk i Vestland 2020. Det blei i 2020 vedteken ny regional planstrategi «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, men det er ikkje vedteke nye regionale planar enno. Fram til det er vedtatt nye regionale planar for Vestland, er handlingsplanen tufta på Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, «Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane 2014-2025 (rullert i 2018)», «Regional næringsplan for Hordland», som igjen er konkretisert i «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» og «Regionalt bygdeutviklingsprogram 2019-2022». Handlingsplanen tek også opp i seg regionale planar innan til dømes klimaområdet. Arbeidet er underlagt nasjonale mål, midlane vi forvaltar kjem med nasjonale føringar, og Vestland fylkeskommune jobbar for at FN sine klima- og berekraftsmål blir nådd. Fylkeskommunen har overteke ansvar for regionalt næringsprogram, og planen bygger vidare på føringar for regionalt næringsprogram i Regionalt bygdeutviklingsprogram.

Å samle dei viktigaste prioriteringane for felles arbeid i partnerskapen i eit dokument, betyr også at alle område ikkje blir dekkja i detalj. Mykje pågåande arbeid blir også gjennomført i dei ulike organisasjonane i tråd med dei vedtekne planane. Med den regionale partnerskapen meiner vi i det vidare fylkeskommunen, Innovasjon Norge Vestland og Statsforvaltaren i Vestland, samt faglagane i landbruket. I nokre tilfelle vil partnerskapen også bestå av andre aktørar.

Fylkeskommunen har eit nasjonalt ansvar innan landbruksområdet. Fylkeskommunen har ansvar som samfunnsutviklar innan eige fylke, og skal arbeide for verdiskaping og regional utvikling.

Fylkeskommunen sitt engasjement innan nærings- og samfunnsutvikling i landbruket må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sitt næringspolitiske arbeid, utdanningspolitiske


arbeid og eigarskapet til Innovasjon Norge. Verkemidla innan landbruk må koplant mot fylkeskommunen sitt ansvar og verkemiddel innan næringsutvikling elles, og det må vere god koordinering mot fylkeskommunen sine andre ansvarsområde, mellom anna som skuleeigar. Koordinering med andre ansvarlege aktørar på området er avgjerande for å luktast.

Dette dokumentet er utarbeida av Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge og Statsforvaltaren i Vestland. Handlingsplanen er drøfta med faglaga i landbruket. I tillegg til handlingsplanen vil det bli utarbeida felles aktivitetsplan for partnerskapen, denne er å sjå på som eit dokument for administrativ oppfølging.

2. VESTLANDSLANDBRUKET – KORT STATUS

Areal og ressursgrunnlag

Vestland er eit stort landbruksfylke kjenneteikna av ein variert bruksstruktur. Om lag 98% av arealet blir brukt til grovfôrproduksjon. Hordaland og Sogn og Fjordane har til saman 830 000 dekar jordbruksareal i aktiv drift. Av dette er 54 % fulldyrka, 9 % overflatedyrka og 37 % innmarksbeite. Når vi samanliknar med utviklinga i landet, ser vi at utviklinga i Vestland følgjer den same tendensen. Arealet som er fulldyrka har negativ utvikling, medan arealet som vert nytta til mellom anna beiting går opp. Vestland har mykje bratt areal det er vanskeleg å drifte med større reiskap, og det mest utfordrande arealet går difor ut av drift eller vert tatt i bruk som beite.



Verdiskaping i jordbruket fordelt mellom produksjonar.
Kjelde: Nibio rapport 174/2018.

Nibio sin rapport om verdiskapinga frå landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane viser at landbruket i Vestland i 2016 hadde ei samla verdiskaping på 2,4 mrd. og sysselsette 4100 personar. Landbruksbasert industri sysselsette 4600 personar.

Mjølkeproduksjon og storfekjøtt

Mjølkeproduksjonen er den største jordbruksnæringa i fylket med 53% av samla verdiskaping. Våren 2020 var det 1113 kumjølkeprodusentar i fylket. Tal føretak knytt til kumjølkeproduksjonen er halvert sidan 2005, men produksjonen har likevel vore relativt stabil og fylket har halde på sin relative del, vel 12%, av mjølkeproduksjonen i landet. Vel 50% av mjølka blir produsert i lausdriftsfjøs, men det er framleis båsfjøs på 70% av føretaka. Vestland er det nest største geitefylket med 26% av føretaka og 22% av produsert mengd. Vestland var i 2019 størst i landet på lokal fordeling av geitemjølke, med 309 000 liter.

Storfekjøttproduksjonen var på 87003 tonn i Norge i 2019. Av dette vart 7751 tonn, 9%, produsert i Vestland. Hovudtyngda av storfekjøttproduksjonen skjer i kombinasjon med mjølkeproduksjon.

Sau

I mars 2020 var det rett over 170 000 sau i Vestland, fordelt på 3533 føretak. Produksjonen er fordelt over store delar av fylket og det er sau i alle kommunar i Vestland. Hovudvekta av føretaka har frå 60 sau og nedover, rundt 360 føretak i fylket har meir enn 100 sau. Sau er viktig på vestlandet. Vestland og Rogaland har til saman 45 prosent av den nasjonale sauebestanden. Noreg har vore sjølvforsynt med sau og lammekjøtt sidan 2015. I 2019 var den nasjonale produksjonen rundt 24000 tonn. Vestland produserte i overkant av 4000 tonn sauekjøtt i 2019.

Frukt, bær og grønt

Frukt og bær står for 10% av den samla verdiskapinga i jordbruket, og Vestland er det fylket i landet som har størst verdiskaping målt ved råvareverdi av produksjonen. Samanlikna med den samla produksjonen nasjonalt, hadde Vestland i 2019 over halvparten av produksjonen på pære, plommer, eple og bringebær. Eple står for det største volumet med 4 765 tonn, deretter bringebær med 1324 tonn og plommer med 1539 tonn. I 2019 var det 508 føretak i Vestland som søkte arealtilskot til fruktproduksjon og 188 føretak som søkte arealtilskot til bærproduksjon. Det var også 41 føretak som søkte om arealtilskot til 389 da med grønnsakproduksjon og 80 føretak som søkte om arealtilskot til 907 da med potet.

Skog

Skogeigedommane i Vestland er små med ein gjennomsnittleg storleik på knappe 280 dekar. Granskogen har det minste arealet, men har dobbelt så stor tilvekst og nesten like stort ståande volum som furu- og lauvskog. Vi høgg kvart år i gjennomsnitt ca. 430 000 m³ tømmer, noko som gjev eit hogstareal på om lag 10 000 daa. I all hovudsak er dette gran. Planting og ungskogpleie har vore låg sidan 2003. Berre halvparten av det hogde arealet vert forynga med ny skog. Skogen i Vestland har gått inn i ein haustefase med auka hogst sidan 2011, med ein liten nedgang siste året. I 2016 stod skog for ei verdiskaping på 275 millionar eller 12% av den samla verdiskapinga innan landbruket i fylket. I 2016 var verdiskapinga i trelast- og trevareindustrien i dei to fylka i overkant av 600 millionar kroner og for møbelindustrien 500 millionar kroner.

Tømmerhogsten i Vestland er i dag vesentleg høgare enn sagbrukskapasiteten og det er difor eit stort rom for nyetableringar og vekst i foredlingsleddet.

Tilleggsnæringar

Mange bønder har valt å utvikle bruka sine gjennom å satse på tilleggsnæringar som leigekøyring, utleige, reiseliv, foredling av mat, utmarksnæring, "Inn på Tunet" og anna. I 2016

stod desse næringane for ei verdiskaping på 287 millionar eller 12% av den samla verdiskapinga innan landbruket i fylket.

3. MÅL OG HOVUDPRIORITERINGAR I 2021

3.1 Overordna mål for landbruks- og matpolitikken i Noreg

Dei fire overordna måla for landbruks- og matpolitikken, jf. Prop 1 S (2020-2021) for Landbruks- og matdepartementet, er:

- *Matsikkerhet og beredskap* for å sørge for nok og trygg mat
- *Landbruk over heile landet* der jord- og beiteressursar over heile landet skal takast i bruk
- *Økt verdiskaping* med vekt på innovasjon, teknologi og økt produktivitet
- *Bærekraftig landbruk* med lavere utslipp av klimagasser

Regionale strategiar og planar innan landbruk må vere innanfor rammene av nasjonal politikk fastsett i jordbruksoppgjæret og av Stortinget.

3.2 Hovudprioriteringar for landbrukssatsinga i Vestland 2021

Vestland fylkeskommune skal saman med partnerskapen jobbe for auka lokal verdiskaping med attraktive arbeidsplassar i landbruket i Vestland. Vestland skal oppretthalde sin del av den nasjonale matproduksjonen, og jobbe for fleire og meir lønsame bedrifter som tek opp i seg nye trendar og moglegheiter. Vi skal jobbe for eit klimaklokt og miljøvenleg Vestlandslandbruk, og styrke rekruttering, omdøme og kompetanse i næringa.

Med utgangspunkt i måla sette i gjeldande planverk er dette dei viktigaste områda vi skal løfte saman i 2021 for å styrkje Vestlandslandbruket:

- auke produksjonen på lokale ressursar
- meir og betre grovfôrforproduksjon og bruk av lokale beiteressursar

- støtte opp om mjølk som bærande produksjon, også gjennom å jobbe for å styrke investeringsverkemidla som sikrar fornying og omlegging frå bås fjøs til lausdrift på mindre og mellomstore mjølkebruk
- bidra til vekst slik at Vestland held posisjonen som størst innan frukt og bær
- leggje til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for lokalt trevirke
- samordne innsatsen i fylket for å løyse utfordringar og utvikle nye lønsame produksjonar
- vere ein aktiv medspelar i utforminga av den nasjonale politikken på landbruksområdet
- auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng
- leggje til rette for auka bruk av FoU og ny teknologi
- leggje til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir miljø- og klimavenleg måte, og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar
- sikre og utvikle jordressursane og produksjonsgrunnlaget for vidare matproduksjon gjennom god og effektiv arealbruk og eit sterkt jordvern
- betre rekrutteringa og omdømet til landbruket

4. STRATEGIAR FOR NÆRINGSRETTA LANDBRUKSSATSING I VESTLAND 2021

4.1 Hovudproduksjonar

Vestland er eit landbruksfylke med grovfôrbasert husdyrhald som bærande produksjonar. Deler av fjordlandskapet er godt eigna til dyrking av frukt og bær. Vi har eit mål om å auke lønsemda i noverande produksjonar og oppretthalde Vestland sin del av den nasjonale matproduksjonen. Samstundes er mykje styrt av nasjonale føresetnader og avtalar. Det må jobbast for å legge til rette for å halde på Vestland sin del av matproduksjonen, både gjennom dagleg arbeid i partnerskapen, men også gjennom å påverke nasjonal politikktutforming og rammevilkåra for landbruket. Særleg viktig i 2021 vil det vere å jobbe for å styrke investeringsverkemidla som sikrar fornying og omlegging frå bås fjøs til lausdrift på mindre og mellomstore mjølkebruk.

Topografi og klima har gjort Vestland til eit grasområde. Auka effektivitet i husdyrhaldet set krav om meir og betre grovfôr med jamnare kvalitet. Dette krev kunnskap. Vi ynskjer eit meir samordna arbeid for å auke grovfôrproduksjonen i eit endra klima. Eit meir varierende klima gjer også at jorda må handsamast meir skånsamt, og det må leggest til rette for å ta i bruk lettare teknisk utstyr og utvikle robotteknologi.

Utmarka er også ein viktig fôrressurs. Beiting er god nytting av lokale ressursar, økonomisk gunstig for bonden og avgjerande for Vestland sitt kulturlandskap. På same måte som alt anna jordbruksareal, må beite haldast i hevd gjennom aktiv bruk og god agronomi, for å behalde kvaliteten. Eit levande landbruk er viktig for beredskap og for å oppretthalde kulturlandskap og biologisk mangfald. Samstundes er landbruket ei næring som gir sysselsetting og busetjing spreidd i heile fylket. Fleirbruk av kulturlandskap, matsatsing og bioøkonomi kan gje landbruket sitt kulturlandskap høgare verdi i framtida.

Storfe

Innan 2034 skal alle kyr vere i lausdriftfjøs. Det er eit stort behov for omlegging frå båsfjøs til lausdriftsfjøs for å sikre at Vestland skal lukkast i å halde på sin relative del av mjølk og storfekjøttproduksjonen i landet. Partnerskapen er difor einige om at mjølkeproduksjon er den klart viktigaste prioriteringa for IBU-midlane i 2021. Det er viktig å legg til rette for generasjonsskifte og støtte opp om mjølkeprodusentar i fylket. Noreg må avvikle eksportsubsidiar innan 2021, derfor kjøpte staten i 2020 opp kvote for 35 millionar liter mjølk. I Vestland er det 77 bønder som har selt kvota si og 49 som står på venteliste for å selje. Vestland er det fylket i landet der flest ønskte å selje kvota si. Det er viktig å sikre at arealet knytt til desse bruka ikkje går ut av produksjon og bidra til at garden kan ha andre produksjonar. Vi vil legge til rette for ny teknologi, betre kunnskapsgrunnlag og meir samordning av innsatsen, særleg knytt til grovfôrproduksjonen.

Vi ynskjer ei marknadstilpassa utvikling av kjøttproduksjonen med moderne produksjonsapparat og driftsopplegg.

Sau

I år ligg det omtrent 1700 tonn lam på reguleringslager. Det er ein reduksjon på 1000 tonn frå same tid i fjor. Det er ikkje sau på lager, denne har gått til eiga skjering eller industrisal. Salet av produkt frå lam har auka i daglegvarehandelen. Marknadssituasjonen gir ikkje rom for stor auke i produksjonen nasjonalt eller offensiv mobilisering, men pilene peiker rett veg. Sau er ein viktig produksjon for Vestland og vi må jobbe for å halde på vår posisjon i marknaden. Ull er ein ressurs som har potensial for auka verdiskaping både gjennom tradisjonell bruk, men også som ressurs for nye innovasjonar. Dersom Vestland skal greie å oppretthalde sin del av produksjonen innan sau framover, er det viktig at fornyinga av driftsbygningane i sauehaldet held fram og at også sauebøndene får ta i bruk ny teknologi. Vidare er det viktig å nytte beiteressursane og støtte opp om prosjekt som gjer at Vestland styrkar sin posisjon i marknaden.

Frukt, bær og grønt

Vestland er den største regionen i landet innan produksjon av frukt og bær. Innan grønsakproduksjon er fylket lite, men det blir produsert noko potet, gulrøter og andre grønsaker. Det er venta ein stor auke i etterspørsel etter frukt og grønt nasjonalt i åra framover og det er venta auka omsetning, også gjennom foredling og direktesal. Nasjonalt er det sett av midlar til investeringar innan frukt, bær og grønt. For å sikre at Vestland tek ut sin del av den nasjonale ramma, skal partnerskapen syte for at næringa i fylket har god kjennskap til desse midlane og at det vert oppmuntra til å søkje. Sentrale aktørar vil truleg satse for å auke produksjonen monaleg. Dersom Vestland fylke skal ta del i denne ambisiøse og nasjonale satsinga og få sin relative del av auken, er det viktig med ein koordinert vekststrategi i fylket. Det er også viktig å finne ut potensialet for vekst innan grønsakproduksjonen i fylket. Kunnskap om kva marknaden etterspør og kva inntekt grønsakproduksjon kan skape for bonden, er viktig å få fram. Truleg ligg det best til rette for produksjon av grønsaker i kombinasjon med anna drift og med direkte omsetning.

Vestland skal halde ein posisjon som førande på frukt og bær. Næringa har ein visjon om at Vestland skal vere det leiande hagebruksfylket i landet målt gjennom tal innovasjonar, forskning, bruk av moderne produksjonsteknologi og berekraftig produksjon. Dette vil vi bidra til gjennom mobiliseringa knytt til nasjonale investeringsmidlar, ved å stimulere til meir samarbeid i heile fylket og til meir og betre bruk av FoU.

Foredling og bruk av tre

Fylkeskommunane har ansvaret for å koordinere den prosjektretta satsinga innan kystskogbruket. Dette føreset god koordinering med andre fylke, men også internt i fylket og med andre initiativ og arenaer innan skogbruket. Kystskogbruket er eit samarbeid der skog- og trenæringa i kystfylka frå Troms og Finnmark i nord til Agder i sør, jobbar aktivt for å realisere potensialet i skognæringa langs kysten. Kystskogbruket si andre melding «Melding om Kystskogbruket» vart vedteken i alle fylkesting i kystskogbruket hausten 2015. Målet er å firdoble verdiskapinga i kystskogbruket innan 2040. I 2021 startar arbeidet med å rullere Kystskogmeldinga. Det blir viktig at vi tek effektane av samarbeidet ned på eit regionalt nivå i Vestland.

Treet må hoggast på eit tidspunkt som gir høgast mogleg verdi for skogeigaren. Motivasjonen for å skjømte skogen og plante nye tre blir høgare om skogeigaren tenar pengar på han. Det er viktig å leggje til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for tre, og sikre at Vestland ikkje berre blir ein råvareeksportør.

4.2 Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Mange har utvikla bruka sine gjennom å satse på tilleggsnæringar som leigekøyring, fordeling av mat, utleige, reiseliv inkludert overnatting, servering, guiding, jakt og andre utmarksnæringar av ulike slag samt «Inn på tunet». Dette er entreprenørskap som nyttar ressursane som er på garden. Vi har som mål å auke mangfaldet innan lokalmat, drikke, landbruksbasert reiseliv og andre tilleggsnæringar, gjennom eksisterande og nye tilbydarar.

Lokal mat og drikke

Vestland har ein rik matkultur, dyktige bønder, innovative lokalmatprodusentar, spennenda reiselivstilbod og levande lokalsamfunn. Vestlandsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden står på UNESCO si liste verdas kultur- og naturarv. Bergen er innfallsporten og utgjør samtidig ein stor og kjøpekraftig marknad for lokal mat. Bergen er også medlem av UNESCO sitt nettverk for kreative byer som gastronomiby.

Potensialet for vekst og auka verdiskaping er stort ved å skape ei tettare kopling mellom reiseliv, lokalsamfunn og lokal mat- og drikkeproduksjon. Vestland er eit stort reiselivsfylke, med mange turistar frå både inn- og utland. I tillegg aukar vestlendingen si interesse for lokale matopplevingar. Det gir oss ein stor marknad for kommersiell utvikling av matopplevingar. Det er rom for å auke bruken av lokale råvarer, auke produksjonen av lokal mat og drikke og ikkje minst er det rom for fleire produsentar.

Vi ynskjer ein region med ein tydeleg kommuniserbar matidentitet. Vi ynskjer lokale mat- og drikkeprodusentar som har kompetanse og kunnskap til å drive marknadsorientert og lønsamt. Vi ynskjer at lokale råvarer og lokale mat- og drikkeprodukt skal inngå som ein naturleg del i både i reiseliv og samfunnet elles. I 2021 ynskjer vi å jobbe vidare med ei koordinert satsing på mat, kultur og reiseliv i Vestland.

Vilt

I mars 2019 leverte ei nasjonal arbeidsgruppe «Handlingsplan for næringsutvikling basert på høstbare viltressurser» som oppfølging etter jordbruksavtalen 2018. Potensial for vekst innan jakt som oppleving og haustingsressurs, blir i planen stipulert til 1,9 mrd. kroner i eit 10-årsperspektiv på landsplan, det vil seie nær ei dobling i høve til no. For å ta ut potensialet ser ein for seg tiltak innan tre kategoriar; ei sterkare kopling mot reiseliv, etablering av forum for næringsutvikling knytt til jakt og innhenting av informasjon for å målrette tiltak betre.

Vestland er eit stort jaktfylke der det skjer mykje verdiskaping knytt til jakt. Vi ønskjer å støtte opp om tiltaka som ligg i handlingsplanen og ta ut Vestland sin del av potensialet for vekst basert på haustbare viltressursar. Ei slik satsing kan også bidra til å auke avskytinga slik at hjortebestanden og avlingstapet som følgjene av hjortebeiting, blir redusert.

Stiftinga Norsk hjortesenter har starta opp forprosjektet «Mer viltkjøtt» med økonomisk støtte frå Innovasjon Norge og kompetansebidrag frå Vestland fylkeskommune. Målet med prosjektet er å auke verdiskapinga knytt til viltkjøtt og skape fleire arbeidsplassar, gjennom å gjere viltkjøttet tilgjengeleg for fleire.

Inn på tunet

Inn på tunet (IPT) er eit nasjonalt satsingsområde, der fleire departement er involverte. Dei fleste kjøpargruppene er offentlege, og bruk av garden sine ressursar syner seg å gje gode resultat som supplerande velferdstilbod. Med auka press på offentleg tenestetilbod og behov for meir førebyggjande og individtilpassa tenester, er det rom for fleire tilbydarar. Vestland vil prioritere tenester innan demens, skule og rus/psykiatri, og eit nettverk mellom bedrifter som gjev dette tilbodet.

Statsforvaltaren har i dag det daglege ansvaret for Inn på tunet satsinga. I oppdragsbrev frå Landbruk- og matdepartementet har departementet bedt fylkeskommunen ha særleg merksemd på matsatsing i Inn på tunet. I jordbruksavtalen 2020 vart det sett av 3 mill. kr per år til eit «Inn på tunet»-løft. Statsforvaltaren i Vestland har fått tilskot til prosjektet «*Inn på tunet i kommunen sitt mangfaldige tenestetilbod. Inn på tunet som alternativt tilbod innan psykiatri, rus og arbeidstrening*» frå desse midlane. Prosjektet starta opp hausten 2020 og går til 2022. Fylkeskommunen skal bidra med kompetanse inn i prosjektet.

Birøkt

Birøkt er viktig for landbruket både ved å skape næringsinntekt gjennom sal av honning og ved at honningbiene gjennom pollinering aukar kvalitet og kvantitet i frukt- og bærproduksjonen. I tillegg er biene sin pollinering også av stor betydning for vekstar i natur- og kulturlandskapet. I perioden 2017-2019 vart pilotprosjektet PolliVest gjennomført i Vestland. Målet med prosjektet var å etablere ein samarbeidsarena for å fremje tilgang og bruk av honningbiepollinering for frukt- og bærprodusentar. Vi ynskjer å legge til rette for at dei gode erfaringane frå prosjektet blir vidareført og gjennom det, bidra til at fleire frukt- og bær produsentar kan dra nytte av honningbiepollinering og at fleire birøktarar kan satse på pollineringsbirøkt som næring.

Landbruket som lim i lokalsamfunnet

Fylkeskommunen har ein omfattande innsats innan landbruk, reiseliv og lokalsamfunnsutvikling. Vi kan allereie sjå synergjar mellom desse områda og dei vil vi jobbe ytterlegare med å styrke. Dette er eit prioritert område. Dette heng saman med den innsatsen for nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn som hovudutvalet for næringa har vedteke.

Landbruket er ei næring som har som si viktigaste oppgåve er å produsere mat. Aktiviteten gjev i tillegg grunnlag for arbeidsplassar både direkte og indirekte, skaper flotte kulturlandskap og bidreg til busetnad over heile landet. Landbruket er viktig for lokalsamfunnet og gode lokalsamfunn er viktige for at folk skal busetje seg i distrikta våre og skape næringsaktivitet. LivOGLyst er eit program der innbyggjarane gjennom eigeninnsats og ved hjelp av tilgang på kompetanse nettverk og pengar, får hjelp til å utvikle gode lokalsamfunn. Programmet vart starta i Hordaland i 2007 og er no utvida til heile Vestland. Målet med LivOGLyst-prosjekt er å utvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn der bulyst, trivsel og grunnlag for næringsutvikling står sterkt.

4.3 Klima, miljø og teknologi

Klima

Hovudutfordringane er å legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir klimavenleg måte, og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar. Bøndene er viktig for matforsyninga i landet, og utsleppsreduksjon frå landbruket skal ikkje vere på grunn av nedlegging av gardar. Det er ikkje mogeleg å produsere mat utan klimagassutslepp, men ein skal jobbe aktivt for å gjere norsk landbruk meir klimasmart.

Klimaendringane byr på utfordringar med endring i vekstsesongane, nye plante- og dyresjukdommar og potensielt mislukka avlingar. Meir ekstremvær og auka klimarisiko påverkar alle landbruksproduksjonane i Vestland. Framtidas landbruk må handtere meir vær. Skal bonden gjere gode informerte val, er det viktig at bonden i Vestland får gode vær- og klimavarsel. Klimatilpassing er sentralt for jordressursane og produksjonsgrunnlaget for vidare matproduksjon for innbyggjarane. Ei god jordhelse er viktig både for å redusere klimaproblem, men også for å få ei god avling og auke botnlinja på bruket.

Jordbruket har inngått ein avtale med staten om å redusere klimagassutsleppa og auke opptaket av karbon utan at det går ut over produksjonen. Dette vert følgt opp ved at alle bønder får tilbod om heilskapleg klimarådgeving på eigen gard inkludert å få utarbeida eigen tiltaksplan. Rådgevinga skal omfatte utslepp av klimagassar, binding av karbon og tilpassing til eit endra klima.

Lokal planteproduksjon er positivt for klimaet. Den viktigaste planteproduksjonen i Vestland er gras som blir beita eller hausta som fôr til sau, geit og kyr. Eit svært viktig klimatiltak for landbruket i Vestland, er difor å halde oppe og auke grasveksten gjennom auka beitebruk og hausting av eng, i tillegg til andre tiltak som kan bidra til at grovfôrproduksjonen blir meir klimavenleg. Også auka produksjon av frukt, bær, poteter og grønnsaker vil bidra til betre klima gjennom auka karbonbinding.

Både naturskog, kulturskog, skogsbotn og bruk av tre i bygg er viktig i det lange CO2-kretsløpet. Ei god arealforvaltning og eit berekraftig skogbruk er viktig for nå dei ambisiøse klimamåla fram mot 2030. Tiltak må sikre at areal vert fornya med ny skog etter hogst. Klimaeffekten oppnår ein raskast ved å plante treslag som fort kjem i god vekst og har eit høgt opptak av CO2, men val av treslag må vegast opp mot å ta vare på det biologiske mangfaldet.

Skogen fyller også ei viktig samfunnsrolle ved å binde saman lausmassane i overflata og ta opp vatn ved mykje nedbør. Planting og skjøtsel av skog er viktig for vern av bustader, vegar og nytteareal mot ras og skred. Eit endra klima gjer denne kunnskapen meir aktuell. Dette er særleg relevant i bratte lier.

FN har definert omstilling til sirkulærøkonomi som ein naudsynt del av omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. I dette ligg at eit produkt må vare så lenge som mogleg og når nødvendig, bli reparert, oppgradert og brukt på nytt. Når det ikkje lenger er mogleg, er materialgjenvinning neste stopp. Også i landbruket er det viktig å ha fokus på sirkulærøkonomi som tiltak for å redusere mellom anna klimautslepp og å ta betre vare på miljøet.

Miljø

Vi må unngå tap av næringsstoff til vassdrag frå landbruket. Husdyrgjødsel må nyttast og rundballar lagrast på ein måte som gjer at ein unngår avrenning og redusert vasskvalitet i elvar, vatn og sjø. Dette kan gjerast gjennom å styrke kunnskapen om korleis unngå ureining i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa innan desse tema.

Plast er eit viktig materiale for landbruket, men også ei stor kjelde til ureining om han kjem på avveggar. Det er viktig å legge til rette for felles, meir miljøvenlege løysingar, og legge opp til gode returordningar for plast.

Bioenergi og biogass

Det er eit stort potensial for å nytte meir norsk trevirke til biodiesel og nytte husdyrgjødsel til biogass. Produksjon av biogass kan gje både reduserte utslepp av klimagassar frå gjødsellager og redusert forbruk av fossilt brensel. Småskala kraftproduksjon kan gje grøn verdiskaping og høve til auka inntekt i landbruket. Ein heilskapleg biogasstrategi for Vestland er under utarbeiding. Landbruket har gjeve innspel til strategien. Landbruket er også ein viktig aktør når strategien skal setjast ut i livet, både som råstoffleverandør, mottakar av bioest og som potensiell produsent og brukar av biogass.

Teknologi

Landbruket er ein næring som ligg langt framme i høve til å utvikle og å ta i bruk ny teknologi. Mjølkeroboten har til dømes, på kort tid fått ein stor plass i norsk mjølkeproduksjon og det er utvikla presisjonsteknologi for gjødsling, såing og bruk av plantevernmiddel. Prosjektet Grassrobotics er eit steg på vegen mot robothausting og utvikling av nye hausteliner for grovfôr. Robotar som skal plukke bringebær og jordbær er også under utvikling. Innovasjon Norge gjev støtte til investering i solcellepanel. Vi ynskjer å støtte opp om vidare teknologisk utvikling innan landbruk i fylket, og tiltak som stimulerer til at ny teknologi blir teken i bruk.

FoU

Vi ynskjer ein kunnskapsbasert landbruksproduksjon med basis i forking, utgreiing og rådgjeving. Vi må sikre at vi har eit godt kunnskapsgrunnlag som bidreg til å utvikle næringa og til å setje bonden i stand til å gjere gode val. Både når det gjeld å tilpasse seg dei

endringane det er trong for som følgje av eit endra klima, bidra til utsleppsreduksjonar og auke lønsemda på bruket. Fylkeskommunen forvaltar forskingsmidlar som vi må sikre at landbruket kjenner til og søker på.

Arealbruk og jordvern

Forvaltning av jordbruksarealet må bidra til god matsikkerheit og klimavenleg matproduksjon. Nedbygging av jordbruksareal er en direkte trussel mot beredskapen, matsikkerheit, klima og biologisk mangfald. Vi må sikre eit sterkt jordvern, og ha ei heilskapleg arealplanlegging som tek i vare matproduksjon på lokale ressursar. Areala og ressursane ein har til rådighet må leggje grunnlaget for ein grønare økonomi.

4.4 Omdøme, rekruttering og kompetanseheving

Folk si oppfatning av landbruket er avgjerande for nær sagt alle aspekt i landbruksutviklinga; rekruttering, status, framtidstru, investeringsvilje og folket sin hug til norskprodusert mat. Biletet av stolte bønder med kjærleik til dyra, gode råvarer og trygg mat produsert i eit flott landskap blir utfordra av kva som er sunn mat, god dyrevelferd og bra for klima, gjerne i kombinasjon med kraftige og polariserte påstandar.

Det er trong for å få fram eit meir nyansert bilete av kva det betyr å vere bonde, og landbruket si rolle i samfunnet. Kunnskapsgrunnlaget må aukast, og næringa og dei regionale aktørane må jobbe saman for å synleggjere at næringa er ei kunnskapsnæring som tek i bruk ny teknologi og FoU. Å syne fram dei gode døma og det positive som skjer i næringa, er viktig for å bygge omdømme og skape stoltheit. Dette er eit tiltak som kan syne kva moglegheiter som ligg i landbruket og bidra positivt til rekruttering. Omdømmebygginga kan best gjerast ved at medlemne i partnarskapen saman og kvar for seg, er bevisste på å syne fram dei gode døma i alle kanalar som er til disposisjon.

Omdømmet til landbruket er viktig for å sikre rekruttering, men eit godt inntektsgrunnlag er avgjerande. Vestland må jobbe aktivt for å få fram Vestlandet sine utfordringar og moglegheiter når premissane skal leggst for den nasjonale jordbrukspolitikken. Det er samanheng mellom kunnskap, god drift og inntening. Vestlandsbonden må ha tilgang på gode kurs og kompetansetilbod tilpassa behovet i næringa og tilpassa både heil- og deltidsbonden. Vaksenagronom- og vaksengartnarutdanninga er særst viktig for etter og vidareutdanning innan landbrukssektoren. Det same er landbruksretta fagskuletilbod som studiet innan mjølkeproduksjon.

Å sikre kjennskap til landbruksnæringa må starte tidleg, og vi må tilby aktivitetar, kurs og utdanningstilbod på alle nivå frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring, fagskulenivå og høgare utdanning, samt kortare kurs til nye og etablerte bønder. Mentorordningar og nettverk der erfarne, nye i næringa og potensielle rekruttar kan møtast, er gode tiltak for å få fleire til å satse og lukkast som bønder. Eigne nettverk for kvinner er også positivt.

Å jobbe aktivt med rekruttering, kompetansebygging og med omdøme til næringa er ei avgjerande satsing for å styrke verdiskapinga i landbruket. I 2020 er det starta eit forprosjekt for å legge grunnlag for eit større rekrutteringsprosjekt som i 2021 skal løfte denne

problemstillinga i heile fylket. Forprosjektet er eigd av partnarskapen. Det vidare arbeidet vil bli gjort i samarbeid med partnarskapen. Vi vil samstundes fortsette å støtte kortare kurs og kompetansetilbod.

5. STRATEGISKE FØRINGAR FOR DEI ØKONOMISKE VERKEMIDLA INNAN NÆRINGSUTVIKLING I LANDBRUKET

Det blir her gitt føringar for dei økonomiske verkemidla som Vestland fylkeskommune forvaltar innan landbruk og matsatsing. Midlane er tildelt gjennom oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet.

Ordning	Sum Vestland (kr)
Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket	6 740 000
Rekruttering og kompetanseheving i landbruket	1 960 000
Kompetansenettverk for lokalmat	2 400 000
Prosjektmidlar til Kystskogbruket	1 380 000

Eventuelle restmidlar frå tidlegare år blir lagt på rammene for 2021. Når det gjeld midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU), så vert midlane overført direkte frå staten til Innovasjon Norge og dei kjem såleis ikkje fram i tabellen her.

Det kan ikkje sendast søknad om støtte til same prosjekt frå både regionale tilretteleggingstiltak og rekruttering og kompetanseheving.

Prioriteringane i dette dokumentet gjeld også for eventuelt andre fylkeskommunale utviklingsmidlar som blir gjort tilgjengelege for landbrukssatsinga. Det finst også andre ordningar som klimamidlar og utlysing av midlar gjennom handlingsprogrammet for innovasjon og næring der det kan vere aktuelt å sende inn søknader innan landbruksområdet.

5.1 Regionale tilretteleggingstiltak

Dei regionale tilretteleggingsmidlane skal forvaltast i tråd med dei måla og strategiane som er sett i dette handlingsprogrammet, og i tråd med nasjonal forskrift på området. Midlane skal bidra til auka matproduksjon, utvikling og modernisering av tradisjonelt og økologisk landbruk og utvikling av andre landbruksbaserte næringar som lokal mat og drikke, reiselivstilbod, verdiskaping basert på utmarksressursane og Inn på tunet. Kommunar, organisasjonar og forskings- og utviklingsinstitusjonar som er registrert i einingsregisteret, kan søke om tilskot til fellestiltak frå desse midlane.

Prioriteringar i 2021:

- **Positivt omdømme og synleggjering av moglegheiter i næringa**
Synleggjering av fagutdanning og moglegheiter, dyrevelferd, klima- og miljøinnsats og landbruksteknologi/FoU, bidrag til rådgjeving/møteplassar, urbant landbruk, landbruksretta entreprenørskap
- **Marknadstilpassa auke i volum og omsetningsverdi av frukt, bær og grønt, og legge grunnlag for fleire vekstbedrifter**
Mobilisering og kompetanse for å auke planting, avling, omsetnad, økologisk, framtidretta arealtilpassing med nye produksjonssystem, særskilte kvalitetar/sortar/sesong, lokale/regionale verdikjedar og styrking av miljø innan grønsaker og potet
- **Auka grovfôrproduksjon tilpassa eit endra klima**
Avlingsauke, fôr- og jordkvalitet, beitebruk, teknologiutvikling, rådgjeving og energiproduksjon
- **Eit moderne driftsapparat med lausdrift i mjølkeproduksjon**
Mobilisering til fornying av driftsapparatet, også på mindre bruk, ny teknologi og god dyrevelferd/dyrehelse
- **Marknadstilpassa utvikling av kjøtproduksjonen med moderne produksjonsapparat og driftsopplegg**
Mobilisering til marknadstilpassa produksjonsauke på storfekjøt, utvikling i sauehaldet, god dyrevelferd/dyrehelse og auka produksjon og omsetnad av økologisk kjøt
- **Styrke verdikjeda for lokalt trevirke**
Legge til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for lokalt trevirke
- **Auka tilbod og lønsemd innan IPT**
Prioriterer tilbod innan områda demens, skule, og psykiatri/rus, kompetansebygging hjå kjøpargrupper, nettverks- og kompetansesarbeid mellom anna innan entreprenørskap, bedriftsleiing og marknad
- **Auka lønsemd og mangfald i lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv**
Mobilisering til rekruttering, etablering og samarbeid i ulike produksjonar, utvikling av distribusjonssystem, fremjing av lokal mat og drikke i serveringsverksemd, samarbeid med festivalar og salskanalar, økologisk mat, mat som

identitetsbygger/lokal matkultur, utnytting av utmarksressursane som til dømes vilt, oppfølging av nasjonale og internasjonale arrangement, utvikling av landbruksbasert reiseliv og auka kompetanse i entreprenørskap, bedriftsleiing og marknad

Grunnlaget for prioritering av midlane er utarbeida i samarbeid med Innovasjon Norge, statsforvaltaren og næringa sine organisasjonar. Fylkeskommunen har ansvaret for handsaming av søknadar og vedtak, men organisasjonane og statsforvaltaren har i drøftingsmøte høve til å komme med innspel etter at fylkeskommunen har laga ei innstilling.

Midlane blir lyst ut med søknadsfrist to gonger i året, 15. april og 1. oktober. Den økonomiske ramma er årets tildeling frå staten saman med eventuelle restmidlar frå tidlegare år. Ein sum på inntil 130 000 kr vert sett av til aktivitetar knytt til samordning i partnerskapen og mobilisering.

5.2 Rekruttering og kompetanseheving

I tilskotsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) slår dei fast at det overordna målet for ordninga er å bidra til rekruttering og kompetanseheving av næringsutøvarar som kan ivareta og styrke verdiskapinga i landbruket regionalt. Kommunar, organisasjonar og forskings- og utviklingsinstitusjonar som er registrert i einingsregisteret, kan søke om tilskot til fellestiltak frå desse midlane.

Prioriterte område for støtte er etterutdanning i landbruket, og tiltak som rettar seg mot rekruttering, likestilling og omdømebygging. Tiltak som bidrar til å styrke rekruttering til landbruksutdanning og etterutdanning for næringsutøvarar i landbruket skal prioriterast. Det er viktig å sikre fleksible moglegheiter for auka kompetanse hjå aktive yrkesutøvarar i næringa og dei som ynskjer seg inn i næringa. Ordninga skal bidra til å styrkje lønsemda i Vestlandslandbruket og auka produksjon på lokale ressursar. Ordninga skal bidra til å sikre naturbrukstilbodet i fylket gjennom aktivt rekrutteringsarbeid og betre rekrutteringa til landbruket og bygdenæringane. Det blir lagt særleg vekt på berekraft og miljø.

Prioriteringar 2021:

- bygge opp under omdømmet til næringa og få fram gode døme på unge bønder som lukkast
- jobbe aktivt for å synleggjere landbruket som karriereveg for ungdom, og medverke til auka rekruttering til naturbruk på vidaregåande nivå
- legge til rette for fadderordningar og gode nettverk for bonden
- kurs som næringsutøvarane har særskilt trong for, dette kan vere både fysiske og digitale kurs
- tilby fagkurs knytt til ulike produksjonar og produksjonsmetodar i samsvar med endringar i landbruket, mellom anna med tanke på klimaendringane og teknologisk utvikling
- legge til rette for å rekruttere nye grupper inn i næringa

- legge til rette for å rekruttere fleire kvinner til landbruket gjennom mentorordningar og nettverksbygging

Grunnlaget for prioritering av midlane er utarbeida i samarbeid med Innovasjon Norge, statsforvaltaren og næringa sine organisasjonar. Fylkeskommunen har ansvaret for handsaming av søknadar og vedtak, men organisasjonane og statsforvaltaren har i drøftingsmøte høve til å komme med innspel etter at fylkeskommunen har laga ei innstilling.

Midlane blir lyst ut med søknadsfrist to gonger i året, 15. april og 1. oktober. Den økonomiske ramma er årets tildeling frå staten, saman med eventuelle restmidlar frå tidlegare år.

5.3 Investering og bedriftsutvikling i landbruket - IBU

IBU-midla blir løyvd over jordbruksavtalen og blir forvalta av Innovasjon Norge på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet. Oppdraget spesifiserer ei fylkesvis ramme for tilskotet. Ei nasjonal forskrift og det årlege jordbruksoppgjeret legg føringar for forvaltninga av midlane. Innafor rammene av dei nasjonale retningslinjene kan den regionale partnerskapen legge føringar for Innovasjon Norge regionalt, men avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike områder i den enkelte regionen/fylket. Under jordbruksoppgjeret i 2020 vart partane er einige om at bevillinga til IBU for 2021 er 664,5 mill. kroner nasjonalt, av denne summen er 120 mill. kr. øyremerka nasjonal ramme til grønt. Den regionale ramma til Vestland er venteleg om lag 70 mill. kr.

Vestland fylkeskommune legg til grunn at Innovasjon Norge sikrar ei tenleg geografisk fordeling av prosjekt. Geografisk fordeling av prosjekt vert tema på halvårsmøte i partnerskapen. Tabellen under syner korleis Vestland fylkeskommune meiner at IBU-midlane skal fordelast mellom produksjonane.

Fordeling regional ramme IBU Vestland 2021					
Produksjon	Mjølkeproduksjon	Sau	Andre husdyr og gjødsellager	Andre næringar	Grøntsektoren*
Prosentdel av potten	61%	10%	18%	11%	17%

* Denne summen gjeld mål om del av den nasjonale potten

Gjennom jordbruksavtalen har avtalepartane sett i verk tiltak for innovasjon og vekst i grøntsektoren. Målet er å auke norskandelen og møte etterspurnaden i marknaden med mest mogleg norske varer. Nasjonalt er det øyremerka 120 millionar til grønt. Vestland fylkeskommune ynskjer at partnerskapen skal legge til rette for at næringa i fylket har god kjennskap til desse midlane og at dei vert oppmuntra til å søkje. I 2020 fekk Vestland rundt 18 millionar frå den nasjonale ramme. Målet for 2021 er at næringa i Vestland skal få omtrent 20 millionar. Når dei nasjonale midlane er brukt opp, kan partnerskapen vurdere om det er behov for å gjere mindre justeringar i den regionale fordelinga for å sikre midlar til frukt, bær, potet og grønt.

5.4 Kompetansenettverk for lokalmat

Kompetansenettverket i Vest-Norge dekker Vestland fylke. Aktiviteten er finansiert over Landbruket sitt utviklingsfond. Det er sett av 2 400 000 kr til Kompetansenettverk i Vest Norge i 2021, ordninga er finansiert over Landbruket sitt utviklingsfond. Frå 2020 fekk Vestland fylkeskommune oppdragsgjevaransvar for kompetansenettverket. Vestland fylkeskommune utarbeidar tilskotsbrev med krav til rapportering og oppfølging. Sogn Jord og Hagebruksskule er vertskap og drifrar kompetansenettverket i Vestland. Hovudoppgåva til kompetansenettverket er å tilby matfaglege kurs. Vest har eit nasjonalt ansvar innan ysting. Besøksordninga er ei anna viktig oppgåve for kompetansenettverket. Bedrifter blir følgt opp gjennom fysiske besøk eller andre møter av fagfolk som kjenner næringa godt.

Målgruppa for ordninga er små matbedrifter med inntil 10 tilsette. Det kan også vere primærprodusentar eller næringsmiddelbedrifter med mål om å utvikle, foredle og selje kvalitetsprodukt basert på lokale råvarer. I tillegg kan reiselivsprodukt som har utviklingsprosjekt i samarbeid med lokalmatprodusentar også omfattast av ordninga. Fylkeskommunane skal koordinere tilbodet frå kompetansenettverka med andre tenester frå kompetansetilbydarar nasjonalt og regionalt og sikre et godt samspel mellom partnerskapa i utforming av tilbod. Denne ordninga har spesielt stor betydning for mobilisering av nye aktørar og dei ansvarlege fylkeskommunane bør sikre at dette blir en sentral del av ordninga også framover.

Styringsgruppa har seks medlemar: tre produsentar, Innovasjon Norge, Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune.

5.5 Kystskogbruket

Kystskogbruket er eit samarbeid som jobbar for at potensialet i skognæringa langs kysten skal realiserast. Alle kystfylka frå Finnmark i nord til Agder i sør er med.

Kystskogbruket er ei samarbeidsform og arbeidsmetodikk, der skog- og trenæringa i kystfylka jobbar aktivt saman med fylkespolitisk – og administrativt nivå, med støtte frå faginstansen på landbruksnæring hjå Statsforvaltaren.

Målet til Kystskogbruket er å firedoble verdiskapinga gjennom at potensialet i skogbruket langs kysten blir realisert innan 2040. Kystskogbruket jobbar innan tre område: politikk, næring og forvaltning. Både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har tatt del i, og støtta Kystskogbruket økonomisk i mange år. I 2021 vil ei viktig oppgåve vere å delta i arbeidet med å rullere Kystskogmeldinga.

I 2020 fekk dei fylka som tek del i Kystskogbruket ei ny oppgåve ved å skulle fordele prosjektmidlar frå staten til Kystskogbruket, og vidareutvikle den prosjektretta satsinga. Vestland har fått 1,38 mill. kr. i 2021. Fylkeskommunane skal samordne seg slik at midlane, etter søknad, i all hovudsak blir brukt til næringsretta fylkesoverbyggande prosjekt. Vi vil legge vekt på god koordinering med andre fylker, men også internt i fylket og med andre initiativ og arenaer innan skogbruket.

6. SAMARBEID OG FELLES LØFT FOR LANDBRUKSNÆRINGA


Dei ulike aktørane som jobbar for å utvikle landbruket i Vestland må vere godt koordinerte. Både økonomiske og andre verkemiddel må verke godt i saman og utfylle kvarandre. Innsatsen for å legge til rette skal medverke til gode søknader til Innovasjon Norge, og det må difor vere samanheng mellom mobiliseringsarbeid og prioritering av midlar frå ulike ordningar innan dei ulike produksjonane. Vi må nytte oss av den fagkunnskapen som statsforvaltaren har gjennom forvaltning og rettleiingsansvaret dei har.

Vi må jobbe i lag for å løfte det som er viktig for næringa i Vestland, og vi vil koordinere oss slik at verkemiddelapparatet er oversiktleg for dei som skal vere i kontakt med oss.

Vi ynskjer å vidareføre ein felles landbrukskonferanse for Vestland, som skal vere den viktigaste møteplassen for dei som jobbar med landbruk i fylket.

Fylkeskommunen, statsforvaltaren og Innovasjon Norge ynskjer å ha felles aktivitetar, og vere samordna når det gjeld mobiliseringsarbeid og møter. Vi vil lage ein felles møteserie ute i regionane. Det skal utarbeidast ei felles aktivitetsliste/årshjul for aktiviteten til dei tre regionale aktørane, og det skal vere faste møtepunkt gjennom året. Det skal også vere faste møtepunkt med faglaga i landbruket. Faglaga skal vere involvert i utarbeiding av styrande dokument, førebuing til politiske saker om rammevilkår, og ved tildeling av midlar til tilretteleggingstiltak og rekruttering og kompetanseheving.

Fylkeskommunen leiar den regionale partnerskapen, og har eit koordinerande ansvar.



vestlandfylke.no